

LINDÅS KOMMUNE

Statutar for Bygdebok- og kulturminnefondet til Lindås kommune.

§ 1. Om fondet

Bygdebok- og kulturminnefondet vart oppretta av Lindås kommunestyre i 2010 ved avsetjing av 1.000.000 kroner. Fondet skal bera namnet "Lindås kommune sitt Bygdebok- og kulturminnefond".

§ 2. Kriterium for tildeling

Lindås kommune sitt Bygdebok- og kulturminnefond skal gi tilskot til bygdebok- og kulturminneprosjekt.

Bygdebokprosjekt skal gjelde for Lindås kommune.

Kulturminneprosjekt skal ta vare på verdifulle og verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre typar kulturminne i Lindås kommune. Som hovudregel kan det berre gis tilskot til antikvariske tiltak, dvs tiltak som sikrar kulturminneverdiane i tråd med deira kulturhistoriske karakter, og ikkje til tiltak som handlar om oppgradering.

Bygdebøker- og kulturminne som er prioriterte i kulturminneplan, kulturplan og kommuneplan skal prioriterast ved tildeling av midlar frå fondet. Lindås kommune kan sjølv søkja midlar frå fondet til eigne prosjekt.

Midlar frå Lindås kommune sitt Bygdebok- og kulturminnefond kan løvvast til prosjekt.

§ 3. Kunngjering og tildeling av midlar

Tildeling av midlar vert gjort etter søknad. Søknad for kulturminne skal innehalda ein tilstandsrapport, planar for utføring av arbeidet, kostnadsoverslag, framdriftsplan og finansieringsplan. Søknad om tilskot til bygdebok skal innehalda ei prosjektomtale, kostnadsoverslag, framdriftsplan og finansieringsplan.

Kunngjering av tilskotsmidlane skal skje i lokalavisene, på nettsider og i andre aktuelle fora i god tid før søknadsfristen. Søknadsfristen er normalt 01. september .

Framlegg til vedtak vert gjort av rådmannen. Levekårsutvalet i Lindås kommune gjer endeleg vedtak om kven som får tildelt midlar frå Lindås kommune sitt Bygdebok- og kulturminnefond.

§ 4. Utbetaling

Utbetaling av tilskot skjer når restaureringa/istandsetjinga er ferdig i tråd med planane og avtalen mellom tilskotsmottakar og kommunen. For bygdebokprosjekt skal halvparten av tilskottet utbetalast ved oppstart av arbeidet. Resten vert utbetalt når ferdig bygdebok ligg føre.

Delutbetaling kan eventuelt gjerast etter eigen avtale.

Når arbeidet er gjort skal tilskotsmottakar senda kommunen ein kortfatta rapport og godkjend rekneskap.

§ 5. Storleik på tilskot

Avkasting på Lindås kommune si Bygdebok- og kulturminnefond skal tileggjast fondet.

Bygdebok- og kulturminnefondet skal normalt ikkje bidra til meir enn inntil 50 % av godkjend kostnadsoverslag.

§ 6. Tilføring av kapital og størrelse på fond

Lindås kommune sitt bygdebok- kulturminnefond skal alltid ha ein grunnkapital på minimum 100.000 kroner.

Kommunestyret bør vurdere å tilføre nye midlar i Bygdebok- og kulturminnefondet kvart år i samband med budsjettprosess. Renteavkastning skal tilbakeførast til fondet.

§ 7. Endring av statuttane

Endring av statuttane for Lindås kommune sitt Bygdebok- og kulturminnefond skal godkjennast av kommunestyret.

Vedtatt i kommunestyret _____.